



HAFO - reglar / kampavvikling

1. Spel på tre minihandballbaner på tvers av hallen. Skiljevegger til bruk for å skilje banene, alle finalar vert spela på Bane B (midtre). Først ein omgang med handball, så ein med fotball.
2. 4 spelarar med målvakt på handballdelen, 4 spelarar med keeper på fotballdelen.
3. Laga byter ikkje side, men det er ein kort pause for å skifte frå handball til fotball.
4. Etter scoring byrjar man på midten i fotballdelen og ut fra keeper i handballdelen.
5. Laget som er nemnd først spelar i GRØNE HaFo-vestar på banehalvdelen mot klokkeveggen, angrep mot tribuna.
6. Kampene startar / stoppar samstundes utan tillegg/fråtrekk i tid.
7. I finalane vert det innmarsj og presentasjon av spelarar. Spelarane har på seg nummererte HaFo-vestar.
8. Lette og enkle reglar spesielt i handballdelen for dei yngste. Innspark i staden for innkast i fotballdelen. Det er ikkje lov å skåra direkte (ingen i kontakt med ballen) etter stopp/igangsetting av spelet.
9. Ved utvisning kan ein setja innpå ein annan spelar, men den utviste spelar får ikkje delta resten av omgangen.
10. Protester skal rettast til hovudsekretariat. Eventuell klage på svar, vil verta behandla av arrangørkomiteen snarast. Alle resultat er endelege ved premieutdeling.
11. Ved poenglikskap mellom to eller fleire lag vert rekkefølga bestemt slik:
 - a. Målforskjell (differansen mellom skåra og innslopne mål)
 - b. Innbyrdes
 - c. Flest skåra mål i samtlege kampar
 - d. Loddtrekking.
12. Dersom det er uavgjort i finalekamp, vert det spela 2 x 2 min. ekstraomgang. Er det forsatt uavgjort etter ekstraomgangane, spelast det 2 x 2 min ekstraomgang til vi har ein vinnar.